

Fjell-elvi

av

Trygve Alvgeir Bjerkrheim

Nedskrevet da han satt på elvekanten
på Gjedrem 10. august 1945.

Ho kjem frå dei høge
dei fælände fjell
og haster mot havet
om morgon og kveld.
Ho susar og syng
millom steinar og lyng
på sin veg mot det voggande hav.

Til kvila ho hev
ikkje tid eller stund, -
lell tek seg i hølen
ein ørliten blund.
Smaragd-grøn og rein
ifrå stein og til stein
på sin veg mot det voggande hav.

Ustanseleg strøymer
det spegelklåre vell
som kjem ifrå fjelli
og renn millom fjell.
Frå år til år
gjennom dalen ho går
på sin veg mot det voggande hav.

Frå barndomen min -
minst eg åi sin song.
So fekk eg då høyra han
endå ein gong.
Ja, tenk eg fekk sjå
denne fjellfriske å,
på sin veg mot det voggande hav.